



KYSTVERKET

Meløy kommune
Gammelveien 5
8150 Ørnes

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
21/1710 23/17187	2022/2272-7		Tormod Hjørungnes Engen	01.09.2023

Fråsegn ved offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel 2023 -2035 for Meløy kommune - Nordland fylke

Kystverket syner til dykkar høyringsbrev datert 06.07.2023 som gjeld ovannemnde plan. Vi viser og til vår fråsegn av 10.06.2022 i høve oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram.

Målet med kommuneplanen sin arealdel er å fastlegge framtidig arealbruk i eit langsiktig perspektiv med tilhøyrande reglar og retningsliner. Planen skal gje hovudtrekka for utnytting av kommunen sine land- og sjøareal irekna vern og kva for omsyn ein må varetake gjennom disponering av det samla areal.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining og høyrer til under Nærings- og Fiskeridepartementet.

Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og som bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

Kystverket har fått i oppdrag å bidra til utvikling av eit heilskapleg og velfungerande transportsystem med farleier, hamner og hamneterminalar som er særskilt viktige for næringsutviklinga langs med kysten og for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegginga etter plan- og bygningslova.

¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>



Kystverket sine vurderingar av planframlegget

Vi har følgjande å merke:

For å halde trygg og sikker ferdsle i farvatnet er fyrlykter, overrettar, stakar, jarnstenger m.m av vesentleg verdi. Kystverket har eit overordna forvaltningsansvar for desse navigasjonsinstallasjonane og for å få det til på ein rask, økonomisk og effektiv måte er det ynskjeleg at vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinnretningar får unntak frå plankrav og det generelle byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 11-11 nr.4.

Vi registrerer at unntak frå plankrav er lagt inn i dei generelle føreseggnene kap 3.1.1.punkt k., men ikkje unntak frå det generelle byggeforbodet i strandsona som vi difor ber om vert teke inn i føreseggnene.

I planføreseggnene kap 4.5.6. «Akvakultur» er der ei retningsline som listar opp sektorlovgjevinga ein treng løyve frå for å kunne etablere akvakultur på områda. Hamne- og farvasslova er ikkje nemnt der og vi rår til at den vert teke inn i ordlyden.

Oppsummering

Vi registrerer at arealdisponeringa for sjøareala i noverande planframlegg i hovudtrekk er vidareført frå gjeldande KPA 2013 - 2025. Der er nokre fråtrekk og tillegg på akvakulturområde, men i mindre omfang som ikkje får særskilde konsekvensar for Kystverket sitt sektoransvar. For Kystverket er det viktig å sikre trygt og framkomeleg farvatn som eit samfunnsgode og vi synest planen i det heile, både i arealdisponering og i planføresegner varetok omsyna til ferdsla, sjøtrafikken og Kystverket sitt ansvarsområde på ein føremålstenleg måte. Kystverket har såleis ikkje anna å merke til planen enn det som er nemnt i teksten ovanfor.

Med helsing

Ruben Vian Alseth
fung. avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Nordland fylkeskommune	Postboks 1485 Fylkeshuset	8048	BODØ
Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	BODØ
Statens Vegvesen	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO